



## Statens vegvesen

ALVER KOMMUNE

Postboks 4

5906 FREKHAUG

Behandlande eining:  
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:  
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse:  
22/92319-8

Dykkar referanse:  
20/15398 –  
22/56489

Vår dato:  
16.08.2022

### Tilbakemelding – Reguleringsplan for Eikanger Næringsområde – planID 1263-201114 – Alver kommune

Vi viser til brev frå Alver kommune, dagsett 12.07.2022. Kommunen har i brevet gitt ein tilbakemelding på Statens vegvesen sine spørsmål knytt til vedtatt reguleringsplan for Eikanger næringsområde, planID 1263 201114.

Statens vegvesen sine spørsmål vart fremja i samband med at reguleringsplanen er søkt endra. Gjennom reguleringsendringa ynskjer ein å fjerne planføresegn 1.4.4:

«Minimum 70 % av areala i delfelt KBA1 og KBA2 skal byggjast ut før ein startar på delfelt KBA3 og KBA4. Det kan gjerast avvik i høve til arealkrevjande verksemder sjølv om utnyttingsgraden ikkje har nådd 70 %»

Søknaden er grunngjeve med at alle rekkefølgekrav jfr. føresegn 1.4.7 er oppfylt. Statens vegvesen har stilt spørsmål til kva som tilseier at resterande g/s veg frå busshaldeplass og ca. 600 meter i retning Ostereidet ikkje er ein del av dette rekkefølgekravet.

Som et svar på dette viser Alver kommune til brev frå Statens vegvesen datert 28.09.2012 og saksframlegg til kommunestyremøte den 22.11.2012. Av vegvesenet sitt brev går det fram. *«Bakgrunnen for vårt krav om opparbeiding av gang- og sykkelvegen var først og fremst for å sikre mjuke trafikantar frå nærområdet som enten arbeider innanfor nærområdet eller anna form for tenesteyting som vil verte etablert i næringsområdet. Vi har ikkje fokusert så stert på tilbod til syklistar og andre mjuke trafikantar som kjem lenger vekk frå som Knarvik eller Ostereidet.»*

Postadresse  
Statens vegvesen  
Transport og samfunn  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Fakturamottak DFØ  
Postboks 4710 Torgarden  
7468 Trondheim

På bakgrunn av denne informasjonen deler Statens vegvesen Alver kommune si oppfatning om at resterande del av regulert gang- og sykkelveg ikkje var meint å inngå som del av rekkefølgekravet til opparbeiding i samband med utbygginga av næringsområdet.

Sjølve arealet til framtidig del av g/s-veg er sikra gjennom denne reguleringsplanen og bør ikkje regulerast vekk. Tippetue Arkitekter AS foreslår etter det vi kan sjå ei presisering av føresegnene og ein oppdeling av regulert g/s-veg der rekkefølgekrav vert knytt til den no ferdigstilte delen. Statens vegvesen meiner dette er ei hensiktsmessig måte å gjere det på. Vi tar i samband med denne tilbakemeldinga ikkje ta stilling til plankonsulent sitt framlegg om at dette er noko som kan takast med i reguleringsplanarbeid for ny E39.

Transport vest, Transportforvaltning  
Med helsing

Frode Moen Aarland  
seksjonsleiar

Ingelin Garen  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*